



# **Årsmelding for Osterøy Idrettslag 2011**

**Vedteke på årsmøtet i Osterøy Idrettslag 12. mars 2012**

## **Innhaldsliste**

Hovudstyret .....	3
Gruppestyra i 2011 .....	3
Andre nemnder og komitear .....	3
Osterøy Idrottslag i 2011 .....	4
Organisasjon .....	5
Økonomi .....	4
Årsmelding Turngruppa .....	6
Årsmelding Skigruppa .....	7
Årsmelding Handballgruppa .....	8
Årsmelding Fotballgruppa .....	9
Årsmelding Sykkel- og orienteringsgruppa .....	10
Årsmelding Friidrettsgruppa .....	11
Årsmelding Spretten .....	13

## Hovudstyret

### Styret i OIL for 2011.

Leiar:	Ragnhild Balsvik	11
Nestleiar:	Åse Bergheim	11/12
Controllar:	Joachim Borge Solberg	11/12
Skrivar:	Eystein Markmanrud	10/11
Styremedlem:	Randi Vevle	10/11
Styremedlem:	Albert Slettebakken	10/11
Styremedlem:	Øyvind Litland	10/11
Styremedlem:	John Erik Jørgensen	10/11
Styremedlem:	Morten Skaar	11

Revisor :	Heine Solberg	11
	Anette Fitje	11
	Sigbjørn Reigstad	11

1)

Valnemnd :	Bjarte Vik	11 leiar
	Sylvia Norløff	11
	Siri Tysse	11
	Vara: Linda Skjerping	11 nytt medlem

- 1) Styret fekk fullmakt til å utpeika representantar til ting og møter i organisasjonar idrettslaget er tilslutta, samt å utpeike valnemd i god tid før neste årsmøte.

Dagleg leiar: Tore Langeland

### Gruppestyra i 2011.

GRUPPE	LEIAR	KASSERAR	SEKRETÆR
Fotball	Eirik Bergan	Tore Langeland	Roald Martinsen
Friidrett	Morten Skaar	Ole Johannes Mjøs	Åse Bergheim
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Elisabeth Tømt Kalberg	Elin Bergan	Randi Vevle
Sykkel/orienteering	Johannes Bysheim	Arild Beckstrøm	Ragnhild Balsvik
Handball	Lars-Erik Haga	Laila Borge	Søgni Evy Skår
”Sprettens”	Berit Langeland		

### Andre nemnder og komitear.

Idrettsmerkeutval:	Friidrettsgruppa
Premiesamling:	Vidar Simmenes og Svein Lohne
Husstyret:	Kjellaug Hartveit og Tore Langeland

Drift- og vedlikehaldsnemnd

for Osterøy Stadion: Tore Langeland (leiar), Olav Sturle Lone, Inge J. Reigstad

## **Osterøy Idrettslag i 2011**

Osterøy Idrettslag har hatt 650 medlem i 2011, ein liten nedgang frå 2010(689). 2011 var det 93. driftsåret for OIL. Aktiviteten i laget har vore fordelt på 6 aktive grupper og Spretten.

Styret har hatt 9 styremøte og 1 fellesmøte med gruppestyra i 2011. Styret har dette året handsama 67 saker. I tillegg vart det heldt omframt årsmøte for å:

- 1) Gi styret i OIL fullmakt til å ta opp eit lån på inntil kr 500 000(eks. mva.) med løpetid på 10 år, som skal nyttast til investeringar i utstyr for å kunne utføre naudsynt vedlikehald av grasbana og kunstgrasbana.
- 2) Godkjenne nytt hovudstyre.
- 3) Godkjenne gruppestyra.
- 4) Godkjenne valnemnd.

Av saker som styret har arbeidd med kan nemnast:

- Kommunen er kontakta for å få kartforretning slik at vi kan få skøyte og oppgjort kjøp av tomta for kunstgrasbana frå Magne Skistad.
- Tatt i bruk intranett- og medlemskommunikasjonsløysing levert av Abile. Brukarnamn og passord er send ut til medlem, og det har vore opplæringsmøte for gruppene.
- Tribuna ved kunstgrasbana/Osterøyhallen er ferdigstilt og teken i bruk.
- Skilt med bruksreglar for anlegga er hengt opp ved Osterøy stadion.
- Inngått avtale mellom Osterøy IL og Osterøy Aktiv om tribune/lager ved Osterøyhallen.
- Inngått avtale mellom fotballgruppa og Osterøy IL om leige av kunstgrasbana.
- Innført "Dei gode hjelparane"(Vekas frivillige) – presentasjon på nettsida med bilet og ein kort tekst.
- Oppretta Facebook-side for OIL.
- Arrangerte temakveld i oktober, der ernæringsfysiolog Hege Østgaard held kurs om ernæring.
- Arbeida med utkast til Antidopingpolicy for OIL.

## **Organisasjon.**

Hovudstyret har i 2011 bestått av leiar, nestleiar, kontrollar, skrivar og 5 styremedlem – i alt 9 medlem. Frå hausten 2011 vart styret redusert til 8, da Morten Skaar etter eige ønske fekk gå ut av styret.

Dagleg leiar møter fast på styremøte.

## **Økonomi.**

Årsmøtet i Osterøy IL gav styret i OIL fullmakt til å ta opp eit lån på inntil kr 500 000(eks. mva.) med løpetid på 10 år, som skal nyttast til investeringar i utstyr for å kunne utføre naudsynt vedlikehald av grasbana og kunstgrasbana.

Styret i OIL legg til grunn at lånet vert fordelt med kr 365 000 på Fugledalen/kunstgrasbana og kr 135 000 på banenemnda. Styret legg vidare til grunn at traktoren vert brukt både på kunstgrasbana og grasbana med halvparten av driftstida på kvar bane. Vedlikehaldsmidlane til grasbana skal dekke leige av traktor frå Fugledalen/kunstgrasbana slik at 50% av drifts- og kapitalkostnadane knytt til traktoren skal dekkjast av vedlikehaldsmidlane til grasbana. Dagleg leiar har saman med fotball og friidrett har gått til innkjøp av ny traktor og naudsynt utstyr.

Spelemiddelprosjekt for 2011:

Lån på klubbhuset er innløyst.

Vart tildelt kr. 113.000,- for å løyse inn lånet på vatningsanlegget.

Tildelt kr. 265.000,- for nytt lysanlegg på Osterøy stadion(arbeidet er no i oppstartsfasen).

OIL har i 2011 fått kr. 121.000,- i momskompensasjon etter den nye ordninga som starta opp i 2010.

I grasrotmidlar mottok OIL i år ca. kr. 60.000,-

Styret vurderer totalt sett økonomien i OIL for tilfredsstillande.

### **Gruppene**

Kort samandrag av årsmeldingane følgjer på dei neste sidene:

## Årsmelding for OIL Turngruppa 2011

### **Styret:**

Leiar: Elisabeth Tømt Kalberg	(på val 2012)
Nestleiar: Tor-Olav Kalberg	(på val 2013)
Kasserar: Elin Bergan	(på val 2012)
Skrivar: Randi Vevle	(på val 2012)
Styremedlem: Kate Kollvangsnes	(på val 2012)
Styremedlem: Bente Svenheim	(på val 2013)
Foreldrekontakt: Anne Lise Teigland	(på val 2012)

### **Turngruppa har hatt følgjande parti:**

4-6 år , 7-9 år, 10-13 år og 14+  
Alle partia har hatt treningstid i Osterøyhallen  
Medlemstalet hausten 2011 har vore ca 85.

### **Aktivitetar-eigne arrangement**

11.12.11 Juleoppvisning i Osterøyhallen

### **Turngruppa har deltatt på følgjande stevner – konkurransar**

19.02.11 S.A.L.T.O. –DAG i Turnkassen  
20.-22.05.11 Gymfest i Vest Barn, på Voss  
03.-05.06.11 Gymfest i Vest Ungdom, på Sotra  
25.09.11 Gøy i Turnkassen

### **Kurs - utdanning**

Trenarar frå Turngruppa har deltatt på følgjande kurs:  
Hjelpetrenarkurs, Basistrenarkurs, Kordan lage danseprogram og Sikringskurs i trampett.

### **Dugnad**

Mai: Diskotek på Grønskaret  
Oktober: Nedvask av ein leilighet i Nesjatun  
Desember: Nedvask av nye Hauge Barnehage  
Desember: Sal av turnsko.

### **Sponsing**

Me har jobba ein del med sponsing og fått støtte fra nokre bedrifter.  
Turngruppa er ei lite synleg gruppa og det er derfor ikkje så lett å få  
sponsorar.

### **Økonomi**

2011 har vore eit litt tungt år økonomisk. Me har ikkje hatt økonomi til investera  
i Air-Track, slik me hadde planer om. Medlemstalet har gått ned og utgiftene  
til Fugledalen merkast. Hall-leiga er også ein stor utgiftspost.

### **Framtidsplanar**

Turngruppa har et sterkt ynskje om å kjøpa Air-Track (luft-tumblingbane)

i løpet av 2012. Dersom me klarar det, har me planar om å starta eit nytt parti for ungdom. Noko som me trur vil gjera turngruppa meir ettertrakta og hjelpe oss å auka medlemstalet.

**OSTERØY IDROTTSLAG**  
**SKIGRUPPA**  
**RESYME ÅRSMELDING 2011**

Med i styret 2011

Øyvind Litland	leiar	valgt for 2011
Bernt Johan Flæsland	kasserar	valgt for 2011/2012
Øivind Aasheim	styremedlem	valgt for 2011/2012
Robert Skjerpning	styremedlem	valgt for 2011
Torstein Mjelde	styremedlem	valgt for 2010/2011
Johnny Mostraum	styremedlem	valgt for 2011/2012
Bjørg Braaten Reigstad	styremedlem	valgt for 2011/2012
Kari Hestnes	varamedlem	valgt for 2011

Styret har hatt 4 styremøter og handsama 25 saker.

**REKRUTTERING**

Skigruppa har 130 medlemmar. Også i år har det vore snøsamling på Geilo i desember med svært god deltaking. Det har også vore utøvarar på sommarskiskule i Meråker sommaren 2011.

Det har vore fellestrenings 4 gonger i veka frå august samt rulleski frå Kvisti kvar laurdag. Trenarar har vore Johnny Mostraum Emil Hosøy, Eirik Mjelde og Øyvind Litland med hjelp av Torstein Mjelde  
Faste smørjarar på alle renn der me har deltakarar, både på kretsnav, og nasjonalt er Øivind Aashem og Bernt Johan Flæsland

**RESULTAT**

Me har deltakarar på alle renn som vert skipa til i Hordaland Skikrins. Vidare har me hatt løparar på Norges Cup for junior. NM for junior. Hovedlandsrennet for 15 og 16 åringer. Og Ungdomens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringer  
Løparane våre hevdar seg heilt i toppen på kretsnav

**Stafett:**

4 lag på pallen i KM derav 2 gull mot 2 pallplassar i 2010

Totalt 19 individuelle KM pallplassar derav 5 gull mot 11 pallplassar og 3 gull i 2010

Resultatmessig er dette det beste året nokon gong.

*Når det gjeld resultat er det på sin plass og nemna Håkon Bru Reigstad i gutar 10 år som har vunne alle renna han har delteke i også renn i Sogn og Fjordane.*

*Det bør nemnast at Sigurd Braathen Reigstad har dei siste 5 åra teke 7 gull 6 sølv og 2 bronser i kretsmeisterskap for Hordaland.*

**LYSLØYPECUPEN**

Det var gode men litt variable snøforhold i lysløypa denne sesongen, men det vart skipa til 7 renn med 120 løparar innom.

I all hovedsak born og ungdom.

**SLUTTORD**

Skigruppa vil med dette takka alle grunneigarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2011. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.

Skigruppa vil så langt råd er leggja til rette for å utvikla, bygga ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samarbeid med grunneigarane til beste for alle.

## Styret i SKIGRUPPA

### Årsmelding for OIL handballgruppa 2011

#### **Styret har i 2011 bestått av:**

Leiar: Lars-Erik Haga

Nestleiar: Albert Slettebakken

Kasserar: Laila Borge

Skrivar: Søgni Evy Skår

Styremedlem: Barbro Lillejord

Styremedlem: Merethe Engstrøm

Styremedlem: Roald Berentsen

Valnemnd: Handballgruppa har ikkje hatt eiga valnemnd på ei stund. Me har delvis lukkast med å få opp å gå ei valnemnd, Merethe Engstrøm og Ingrid Tveiterås har også i år fungert fram til årets årsmøte. Må å velja ei valnemnd på årets årsmøte.

#### **Administrasjon**

Styret har i driftsåret 2011 stort sett gjennomført eit til to styremøte kvar månad(med unntak av feriemnd.)

#### **Medlemstal**

OiL Handball var dette året på opptur att, og den 31.12.11 var medlemstalet stige med 7 medlemmar til 95 medlemmar.

#### **Deltaking i cupar**

I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Julecup og felles tur til Vestfossen der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Vestfossen Cup.

#### **Trenrarar**

I løpet av 2011 har vi hatt disse trenarane: Kjell Gjøstein, Veronika Birkeland, Kjersti Kleppe, Johannes Tveiterås, Elin Kleppe, Frida R. Jacobsen, Sigrid Borge, Susann Torgersen Hanna Slettebakken, Yvonne Drange og Kristinn Jonatansson. Det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenrarar. Me gjennomførte i desember ei motivasjonssamling for trenarane i Osterøyhallen. Vonar dette vil gje positivt resultat etter kvart.

#### **Dommarar**

Me har framleis nokre klubbdommarar. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben så langt.

#### **Serien**

Denne sesongen har me 8 lag med i serien. Det er J8, J9, G9, J10, J11, J12, J14 og J16.

#### **Osterøyhallen – kampavvikling**

Kampavviklinga i hallen går greitt. Hausten 2011 har me forsøkt å halda fram med å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa og miniturneringa som også i år vart avvikla på ein god måte.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått.

Med helsing

Lars-Erik Haga  
Leiar  
OIL Handball

## Samandrag, årsmelding 2011 OIL, Fotballgruppa

### Styret har i 2011 bestått av:

Eirik Bergan	Leiar	Stein Roar Evensen	Leiar Sportsnemnd
Helge Kollvangsnes	Nestleiar	Mette Hannisdal	Leiar økonominemnd
Roald Martinsen	Kasserar / Skrivær	Jørn Fjellsålnes	Materialforvaltning
Tore Langeland	Kasserar	Ivar Solberg	Leiar Sponsornemnd
John Erik Jørgensen	Arrangement		

Medlemstalet for gruppa har vore 307 dette året og dei aktive medlemene var fordelt på ca 20 lag.  
I tillegg til seriespel har dei forskjellige laga deltatt på ulike cupar.

Året 2011 ble eit godt år sportslig sett, med gode presentasjonar av aldersbestemte lag i alle aldersgrupper. Det er godt og sjå at den store jobben som er lagt ned i aldersbestemt fotball gir resultat. Anlegget me no har i Fugledalen, saman med innsatsen til friviljuge, må ta mykje av æra for dette. Aktiviteten i Fugledalen har vore stor også dette året, mest gjennom organisert trening, men bana er og mykje brukt av born og ungdom i eigen regi.

No er tribuneanlegget ferdig, og klubben har kjøpt inn ny traktor med skjær som held bana snøfri om vinteren. I tillegg har klubben fått på plass utstyr til vedlikehald av grasbana. Dette gjer at me no er meir sjølvhjelpe når det kjem til vedlikehald av anlegget vårt.

A-laget kom på 4. plass i 5 divisjon, noko me er bra nøgd med. Det er eit ungt lag, så me kan forventa oss meir frå dei i åra som kjem om me klarar å behalde spelargruppa..

**Arrangement** Fotballgruppa har arrangert Ribbecup, avslutning i hallen og lotteri. Me har gitt ut kampprogram på alle heimekampane til A-laget.

**Sportsnemnd** med leiar Stein Evensen i spissen har etter et år gjort ein kjempe jobb. Jobben som her blir gjort skaper ein optimisme blant spelarar og trenara i alle alders grupper, det er mykje godt arbeid som er lagt ned i denne nemnda. Eit resultat av dette er at me melder på fleire lag enn nokon gong til seriespel i 2012, inkludert jr. og senior lag i både dame og herreklassen. Sjå vedlagt årsmelding frå sportsnemnda.

**Økonominemnda** med Mette Hannisdal i spissen har gjort ein god jobb med lotteri og kiosk-sal. Kiosken ved Fugledalen har våre open ved alle kampar, dette gir en god inntekt til klubben, og ikkje minst skaper det ein veldig fin og sosial ramme rundt alle kamper som blir spilt på Hatland.

**Økonomi:** Gruppa vil i 2011 få et overskot på ca 43. 000,- noko me er nøgd med. Overskotet skuldast gode sponsorinntekter, samt kontroll med klubbens utgifter. Ein stor takk til alle velvillige sponsorar, utan dykk ville vi ikkje klart og drive klubben på same nivå som vi gjør i dag.

En stor takk til alle som har deltatt i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Lonevåg 24.02.2011

---

Eirik Bergan, formann

## **Årsmelding - Sykkel- og orienteringsgruppa i OIL 2011**

På årsmøte i Osterøy IL vart det vedteke å oppretta sykkel- og orienteringsgruppe. Gruppa er medlem i begge særforbund.

### **Sykkel**

Bakgrunn for opprettinga av sykkelgruppa var ynskje om å samla syklistane i Osterøy i eit lag, slik at ein har mogelegheit til lettare å organisera felles treningar og arrangement. Vidare her ein som mål å rekruttera nye syklistar, både unge og vaksne.

Initiativtakarane bak sykkelgruppa gjennomførte treningar, og hadde eit lag med på Bergen – Voss, men dette var ikkje offisielt i regi av sykkelgruppa.

Hausten 2011 vart det gjennomført treningar for ungdomar mellom 14-18 år. Oppmøte var ikkje stort, men det var eit godt grunnlag for vidare arbeid.

### **Orientering**

Bakgrunnen for opprettinga av orienteringsgruppa var i første omgang å arbeide for å få laga eit orienteringskart i Lonevågsområdet. Eit nytt kart er ein føresetnad for å kunne etablere aktivitet innanfor orientering.

Gruppa har hatt kontakt med folk som kan gjere arbeidet med synfaring og reintekning av kart. Jan R Lien i Bergen har sagt seg villig til å gjere denne jobben. Lien har i år synfart kart på Voss som skal brukast i Fjord-O 4 dagars løp til sommaren. Det er førebels ikkje skrive kontrakt for arbeidet. Det er noko uklart kva totalkostnad for kartet blir, men vi snakkar om eit beløp på omlag 120 000 kr. Første del av jobben kan Lien starte med i august 2012. Orienteringskart får spelemidlar som dekkjer inntil 50% av kostnad. I tillegg har gruppa allereie fått inn kr 12 000 i kulturmidlar frå kommunen, og kr 25 000 i midlar frå Sparebanken Vest til kartprosjektet.

### **Styret**

Styret i gruppa har vore i 2011:

Leiar: Johannes Bysheim

Kasserar: Arild Beckstrøm

Styremedlem: Ragnhild Balsvik

Bakgrunn for ei felles gruppe har primært vore å spare på behov for styremedlem all den tid begge gruppene er i ein oppstartsfas. På sikt kan det vere aktuelt å dele gruppa i to separate grupper.

### **Økonomi**

Det har ikkje vore økonomisk aktivitet i gruppa i 2011.

Gruppa har fått inn kr 12 000 i kulturmidlar frå kommunen, og kr 25 000 i midlar frå Sparebanken Vest til kartprosjektet.

Leiar	Morten Skaar (11)
Nestleiar/sportsleg leiar	Mats E. Elvik (10/11)
Kasserar	Ole Johannes Mjøs (2010/11)
Skrivar	Åse Bergheim (11/12)
Oppmann 6-10 år	Ann Chr. Reigstad (2011/12)
Oppmann 11-14 år	Herdis Helle (11/12)
Oppmann junior/senior (frå 15 år og oppover)	Bjarte Lohne (10/11)
Styremedlem	Aina Mjøs (11/12)
1. vararepresentant	Jørn Vad (2011)
2. vararepresentant	Trygve F. Mjelde (11)
Valnemnd: Annette Bru, Bente Midtun og Øystein Borge.	

## Styret i friidrettsgruppa for 2011 har vore:

Utanfor styret:

**Arrangementsansvarleg:** Karl Johan Reigstad (11)

### Medlemstal:

Pr. 31.12.2011 har gruppa 262 betalande medlemmar (235 i 2010).

Det var i løpet av sesongen registrert resultat frå 168 utøvarar frå friidrettsgruppa.

På fellestreningane om måndagen på Osterøy stadion er det om lag 100 utøvarar fordelt på alle aldersgrupper.

### Administrasjon:

Styret har i driftsåret 2011 hatt 7 styremøte og handsama rundt 60 saker.

Typiske saker har vore: Stemner/arrangement, trening/ samlingar, samt økonomi/sponsorar. Alle møta har blitt halden i klubbhuset på Hatland.

### Konklusjon frå sesongen 2011:

Friidrettsgruppa har hatt eit innhaldsrikt år. Sportsleg har me ein gjeng med framgangsrike utøvarar der Hilde Aasheim sin bronsemedalje i hovud-NM på 5000 m og Markus Loftås sine prestasjonar på 400 m hekk og semifinaladeltaking i Junior-VM () toppar. I tillegg har me sanka mange medaljar både i kretsmeisterskap, diverse NM og me har hatt representasjonar for Norge.

Blant dei yngre utøvarane våre har det også vore stor aktivitet og mange er med på trening, stevner og ikkje minst stafettar. På FRI-stafetten var det 40 løparar i klassane for gutter og jenter som sprang, samt 35 vaksne.

På arrangementssida har det vore stor aktivitet med friidrettsleir, mosjonsløp og stevner. Friidrettsleiren får mykje skryt og vert gjennomfør av vår aktive ungdomsgjeng som gjer ein fabelaktig jobb. NCC-leikane vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore gode. Her er me prisgitt alle som bidrar med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Det aukande aktivitetsnivået til friidrettsgruppa gjer at dei økonomiske kostnadane aukar, dette er ei stor utfordring framover i tid. I årets som har gått har det vore jobba godt på sponsorsida og med dugnadsarbeid og gruppa gjekk med overskot. Når me ikkje lenger arrangerer NCC-leikane vil me derimot med dagens kostnadsnivå gå på kraftig underskot. Derfor for er det framover viktig å utvikla alternative inntektsbringande tiltak/arrangementet dei neste åra.

Sjølv om det er mange engasjerte personar i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats i det å drive og utvikle gruppa, er det grunna aukande aktivitetsnivå viktig både å utvikle og ta vare på desse personane, og det er viktig å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles.

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskjer Dykk lukke til med neste sesong!

Lonevåg 19.februar 2011

Mats Eirik Elvik

Fungerande leiar

## **ÅRSBERETNING OSTERØY IL, SPRETTEN 2011**

Sprettten har i dag 10 medlemmer.

Sprettten trener kvar onsdag i vinterhalvåret i Osterøyhallen. Oppmøtet har vore veldig bra, men avhenger også innimellom kven som er på jobb. Sprettten har ingen fast trener .Eg har fungert som trener ,men går no på skule og har perm dei dagane dei har trening. Så då er det personalet på jobb som har ansvar for treninga.

Me deltar i Bocciaserien for utviklingshemma og idrettsgleda er stor. I 2011 vann Osterøy serien og kom heim med stor pokal. Dette var stort å oppleve.

Sprettten har bingo ein gong for månaden for å få inn litt pengar til leige av hallen og div anna. Det er stor oppslutning på bingo.

Sprettten har gått til innkjøp av nye Bocciaballar. Det var en stor investering.

Medlemmene var også med på vinteraktivitetsuken på Oset 19. til 23. mars. Der deltok dei i aking, ski, hundesledekjøring, snøscooterkjøring og bading. Bocciaturnering siste kveld. God mat og dans på kvelden var også høgdepunkt...

Berit Langeland fortsetter som leiar. Nina Fjellskålnes fortsetter som kasserer.

**Berit Langeland.**